

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 01.06.2022
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland**

ARKIVSAK: 2022/1633

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.06.2022

STYRESAK:
038/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland» til orientering.

Oppsummering

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å betre kvaliteten i desse tenestene.

Vestland fylke har to pasient- og brukarombod og to kontor, i Førde og Bergen. Desse to kontora har dei tidlegare fylkesgrensene som interne ansvarsområde.

Ombodet vart i 2021 kontakta av totalt 1742 brukarar, som var ein stor auke frå førre år.

Fakta

Pasient- og brukarombodsordninga er heimla i Pasient- og brukarrettigheitslova, kapittel 8.

Pasient- og brukarombodet i Vestland har lagt fram årsmelding for 2021 (vedlegg). Arbeidsområdet omfattar den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta til innbyggjarane i Vestland fylke.

I 2021 fekk pasient- og brukarombodet sitt eige brukarråd for første gong.

Utdrag frå årsmeldinga

I 2021 tok 1742 kontakt med ombodet.

Tabellen viser kor mange som tok kontakt med ombodet dei siste fire åra.

År	2018	2019	2020	2021
Vestland fylke	1565	1617	1424	1742

Kva teneste blir ombodet kontakta om?

- Spesialisthelsetenesta utgjør 62 prosent i Vestland (57 prosent nasjonalt)
- Kommunal helse- og omsorgsteneste utgjør 38 prosent i Vestland (43 prosent nasjonalt)

Spesialisthelsetenesta:

Det var 745 saker og 764 problemstillingar knytt til spesialisthelsetenesta i 2021.

Spesialisthelsetenesta i Helse Vest – utvikling i tal innan dei ulike spesialitetane

- Psykisk helsevern, fødselshjelp og kvinnesjukdommar viser auke
- Indremedisin og nevrologi viser stabile tal
- Kirurgi viser redusert tal

Det er skilnad på nasjonale og lokale tal frå Vestland. Nasjonalt var den største gruppa som tok kontakt innan psykisk helsevern. I Vestland har kirurgi framleis høgast tal.

Utvalde tema i 2021 var:

- ✓ Fastlegekrise på Vestlandet
- ✓ Fokusområde – hovudmålet var å gjere pasient- og brukarombodet meir kjent for aldersgruppa 16-20 år
- ✓ Retten til informasjon, inklusive klagerett
- ✓ Sjukeheim og helsetenester i heimen

Møter med eksterne i 2021 har m.a. vore:

- Dialogmøte sjukehusa
- Møte i brukarutvalet Helse Førde
- Kvalitetsutvalet Helse Førde
- Styremøte Helse Førde
- Møte med Stadforvaltaren i Vestland
- Møte med Norsk Pasientskadeerstatning (NPE)

Konklusjon

Årsmeldinga til Pasient og brukarutvalet gir oversyn over klager som pasientane har meldt om innan Vestland fylke. Klager i Helse Førde sitt område er ikkje særskilt omtalt, så vi legg til grunn at tala har relativ lik fordeling.

Brukarmedverknad og høve for pasientar og pårørande til å gje tilbakemeldingar er særskilt viktig for å lære og forbetre tenestene. Pasient- og brukarombodet har ei viktig rolle i å møte brukarane og å gjere spesialisthelsetenesta merknad på kva forhold som blir omhandla.

Tala frå 2021 kan delvis ha si årsak i verknader etter pandemien. Tala syner ein mindre nedgang i klager som gjeld kirurgiske fag. Dette kan skuldast at det vart utført noko færre inngrep i fjor grunna periodevise nedstengingar som følgje av Covid. Ein auke i tal klager som gjeld psykisk helsevern kan på den andre sida ha med auka tilvising innan dette fagområdet. Nedstengingar i samfunnet har truleg medført psykiske belastningar, og Helse Førde har hatt vanskar med å ta unna køen innan psykisk helsevern. Særleg har det vore uro for barn og unge si psykiske helse. Det er fint at Pasient og brukarombodet har fokus på dette området.

Helse Førde deler Pasient og brukarombodet si uro for vanskaner med rekruttering til kommunehelsetenesta og fastlege-ordninga. Spesialisthelsetenesta og kommunal helse og omsorgsteneste er nært knytt til einannan og vi samarbeider om betre tenester i helsefellesskapet. Vanskar i ein del av kjeda vil få verknader andre stader. Dei fleste pasientane har korte opphald i spesialisthelsetenesta. Det er i kommunen dei høyrer til og det er difor viktig at det er stabilitet i kommunale helse- og omsorgstenester. Dette gjeld især for sårbar pasientar som dei som har alvorlege kroniske lidningar eller fleire samtidige sjukdomar. Kommunale tenester har ei sentral rolle i å vurdere når og kva tilvisingar som skal til spesialisthelsetenesta og i å ta imot pasientane etter opphald. Framover vert det viktig å samarbeide om kompetanse, rekruttering og om godt koordinerte og heilskaplege pasientforløp.

Vedlegg:

1. Årsmelding 2021 frå pasient- og brukarombodet i Vestland